



Bente, Kjersti, Gunn Mari og resten av Spar-gjengen inviterer til kundefest

Det er litt av eit program Spar lanserer til kundefesten på Sandakaien laurdag. Der er kjente underhaldarar, servering av både varmt og kaldt, konkurransar og ulike aktivitetar av mange slag. Som ei stor overrasking vil det og verta sleppt ein nyhet som vil vera til stor glede for både Uskedalen og Kvinnherad elles.

Festen startar kl. 12 og varer nokre timar utover ettermiddagen. Vi har tidlegare skrive om at det vert topp underhalding med sogningane Finn Tokvam og Olav Stedje, at rodeo-oksen Theobald kjem og at det vert mange ulike aktivitetar og konkurransar.

Ein av desse aktivitetane vert putball-demostrasjon. Dermed vert det for første gong høve til å prøva element frå denne fine familieaktiviteten i Uskedalen. Det er Rosendal Putballpark som kjem på besøk.

Spar spanderer alt på festen, så absolutt alt er gratis. Det vert mellom anna gratislotteri med svært flotte gevinstar. Konkurransar med flotte premiar.

- Det er haugavis med flotte ting som skal ut til festpublikumet, seier dagleg leiar Bente Nilsen ved Spar Uskedalen og ramsar opp den eine flotte tingen etter den andre. Når det gjeld den store nyheten som skal publiserast, er ho derimot svært hemmelegghetsfull. Det vert verkeleg spennande å høyra!

Bente håpar mange kjem når dei arrangerer denne kundefesten for å visa at dei set pris på kundane sine, men ho understrekar at ein ikkje treng vera kunde for å koma.

- Alle er veldig velkomne, og eg trur ikkje nokon av dei som kjem, vil angra på det, avsluttar Bente.

De kan lesa meir om kundefesten [her](#).



Olav Stedje vert ein av underhaldarane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Pressefoto og Ola Matti Mathisen